



Retningslinjer for LEDSAGERBEVIS FOR FUNKSJONSHEMMA

1. Formål

Ordninga med ledsagerbevis skal vera eit verkemiddel for å førebyggja isolasjon og dermed bidra til auka livskvalitet for den funksjonshemma. Ordninga vil omfatte personar som har ei funksjonshemming som vil vare minst 2-3 år.

2. Funksjonshemming

Med funksjonshemming forstår ein eit misforhold mellom individet sine føresetnader og krav frå miljøet og samfunnet til funksjon på område som er vesentleg for å etablere og oppretthalde eit sjølvstendig og sosialt tilvere.

3. Ledsager.

Ledsager er den som til einkvar tid bistår den funksjonshemma for at denne skal kunne oppnå føremålet med ordninga.

For å kunne vera ledsager, må vedkommande ha fylt 16 år.

4. Ledsagerbevis.

Eit ledsagerbevis er eit dokument i form av eit kort som blir skriva ut til den funksjonshemma. Ledsagerbeviset skal gi den funksjonshemma sin ledsager fri adgang til offentlege kultur- og fritidsarrangement samt offentlege transportmiddel som den funksjonshemma ikkje ville kunne delta i eller nytta utan bistand.

Ledsagerbeviset er gratis og nedre aldersgrense for søkjarar er normalt 8 år.

5. Søknad.

Den funksjonshemma søker heimstadkommunen på fastsett skjema om ledsagerbevis. Søknaden skal innehalde passfoto og evnt. dokumentasjon frå primærlege/spesialist, sosialavdeling/omsorgsavdeling eller andre om behovet for ledsagerbevis. Dersom slik dokumentasjon ikkje følgjer med søknaden, får kulturavdelinga fullmakt til å innhente nødvendige opplysningar frå dei same instansane.

6. Varigheit.

Beviset gjeld for 4 år frå utskrivingsdato.

7. Bruksområde.

Ledsagerbeviset gjeld som adgang til dei aktivitetar, bygningar, transportmidlar m.v. som aksepterer ordninga, og der det offentleg fastsette symbolet for ledsager er slått opp.

8. Klage.

Vedtaket om å godta eller avslå søknad om ledsagerbevis blir å sjå på som enkeltvedtak. Dette vedtaket kan med heimel i Forvaltningslova §28, 2. ledd klagast inn til det kommunale klageorgan.